



**ELVESTEINAR:** Disse flotte vaskeservantane har tidlegare vore elvesteinar på Bali. Ein lokal spesialitet som Åse forhandlar og som er blitt svært populære.



**UNIKT:** Eit lite utval av borda til By Bjørkheim. Både treplatene frå Bali og marmorplatene frå Italia blir kombinert med ståunderstell laga i Oslo. Ingen bord er heilt like.

# Tenkeår på Bali gjorde Åse til møbelgründer

Frå ein verkstad på Kjelsås har Åse Ørjasæter utvikla sitt eige, heilt unike møbelkonsept. Med material frå Bali og kreativitet frå Stryn har ho skapt By Bjørkheim.

Det var våren 2011 og eit hektisk liv med utvikling av klede, armband og anna tilbehør i Aloha Hemp hadde kravd sitt. Dei tre gründerane Åse Ørjasæter, Christine Lunde, begge stryningar, og Nelly Torvik var komne til eit vegskilje.

– Vi hadde drive i elleve år og følte oss litt metta, seier Åse. Etter fleire gode år gjekk det brått tyngre. Det var finanskrisen og dårleg betalingsevne ute i butikkane. Ho hugsar det var ein spesiell augneblink då dei tre eigarane sat og diskuterte kva grep som måtte gjerast. Så vart plutselig alternativet med å gi seg heilt kasta på bordet, eit alternativ dei ikkje hadde våga å tenkje så mykje på tidlegare. Men reaksjonen på forslaget var lik frå dei alle; ei enorm lette og full semje om at nok var nok.

#### Til Bali for å stake ut ny retning

Etter at Aloha-kapittelet vart avslutta, var Åse bevisst på at ho ville bruke tid på å bestemme seg for vegen vidare.

– Eg ville ikkje at stillingsannonsane på Finn skulle ta meg i ei ny retning.

Åse og sambuaren, Sondre Bjørkheim, fann ut at dei ville ta eit avkoplingsår for å legge framtidspanar. Han jobba for seg sjølv som snikkar og var såleis fri til å kunne ta ei lita avsporing. Begge hadde ein forkjærleik for Bali, der surfinga hadde ført dei fleire gongar tidlegare, og dei bestemte seg for at dette var staden å klarne tankane og stake ut ny kurs.

Heilt fri kunne dei ikkje ta, noko måtte dei leve av også der nede. Åse hadde litt kjennskap til norske Gateway College, og med gründerbakgrunn og utdanning som siviløkonom fekk ho ei undervisningsstilling innan marknadsføring og produktutvikling der.

#### Klaff frå starten av

Etter ei tid vart Åse gravid og dei reiste heim til Norge i permisjonen. I denne perioden vart skulen lagt ned, og igjen måtte ho sjå seg om etter nye mulegheit. Medan dei budde på Bali hadde dei fått auga opp for dei lokalt produserte møblane, og fleire eksemplar var også blitt sende heim til Oslo. Noko vart selt vidare og Åse merka at det slo godt an. Ho fekk brått ein tanke, at kanskje var det dette ho skulle drive med.




**SUKSESSBLANDING:** By Bjørkheim blandar den særeigne handverkstradisjonen på Bali med den reine og enkle skandinaviske stilen. Det er eit mål at møblane skal ha både eit design og ein kvalitet som held seg lenge. Åse tek hand om det meste sjølv, så lenge ikkje dei massive treplatene blir for tunge, då må sambuaren Sondre trå til.

– Eg tenkte «herlegheit, eg kan no berre prøve. Om det blir 50 eller 80 prosent jobb, så kan eg heller skaffe meg det eg treng i tillegg».

Ho utsette difor prosessen med å søkje jobb og gav møbelidéen ein sjanse.

– Det var skikkeleg klaff frå starten av, smiler ho.



#### Tre, marmor og elvesteinar

Konseptet har fått namnet By Bjørkheim. Av plater i heiltre frå Bali lagar Åse bord i ulike storleikar.

– Dei blir laga av kun eit massivt tremenne, ikkje limtre som mange andre bord i heiltre er laga av. Bordemna er tverrsnitt eller lengdesnitt av heile tre-



**SNIKKAR:** I starten måtte Åse Ørjasæter tilkalle sambuaren kvar gong noko skulle kappast. Til slutt gav han henne eit lynkurs og no fiksar ho det meste sjølv i lokala på Kjelsås i Oslo, der By Bjørkheim held hus med både verkstad og utsal.

stammar og alle har difor ulikt mønster og ulik form, fortel Åse.

– Og Suar, som er tresorten eg brukar, er ikkje utryddingstrua, legg ho til.

I verkstaden, ved Frysjavegen på Kjelsås, vert platene kappa til og overflatebehandla ut frå hennar egne idear og teikningar. Her blir dei til flotte stove- og kjøkkenbord. Ein lokal sveiser bidreg med stål-understell, og desse vert i sin tur pulverlakkert på Eidsvoll. Kundane er mest private, men også restaurantar har sikra seg borda det ikkje finst to heilt like av.

I tillegg til bord har ho også eit breitt utval av vaskeservantar laga av uthola steinar, også dei frå Bali. Elvesteinar som har blitt forma runde av vasstraumen. Til liks med borda har desse blitt veldig populære, og i løpet av eit år sel ho kring 300 slike servantar. Åse var også tidleg ute med import av marmorplater, desse frå Italia.

– Marmor er veldig i tida no, men det har eg allereie hatt i 4-5 år.

Ho har ikkje gjort dei store marknadsføringsgrepa, men ein enkel blogg på heimesida kombinert med annonser på Finn har tydelegvis gjort susen. Dessutan har mange interiør-blogger gitt henne drahjelp gjennom omtalar.



**ITALIANO:** I verkstaden står Åse sin Vespa til vinterlagring. Med sitt italienske opphav, og med plassering ved sidan av dei italienske marmorplatene, kler den utstillinga godt.

#### Gi noko tilbake

Åse er gjennom sine mange besøk blitt veldig glad i Bali. I løpet av året blir det minst éin lenger tur ned dit, både for jobb og hygge. Ho fortel at ønsket om å yte noko tilbake også har vore ein viktig motivasjon i satsinga.

– Eg såg kor flinke dei var og hadde

lyst til å gi noko tilbake. Dei er eit herleg folk, smiler ho.

Ho trur at nettopp hennar gode kjennskap til opphavlandet, at ho faktisk veit kven som har hogd ned trea og tilverka materialet - og at det ikkje er samlebåndprodukt, har bidrege til suksessen.

– Mange føler dei gjer eit skikkeleg

scoop og at dei får noko heilt unikt.

#### Å leve no

Ved sidan av møbelgesjeften har ho og Sondre funne ein annan marknad som har synt seg lukrativ. Dei kjøper oppussingsobjekt, totalrenoverer og gjer dei meir plasseffektive før vidareasal.

– Eg diggar prosessen frå at det er eit skikkeleg oppussingsobjekt til å bli draumbustad, seier Åse.

Når dei kjem så langt at det skal legast ut for sal brukar dei sjølv sagt eigne produserte møblar i stylinga. Og ofte ender det med at leilegheitene eller husa blir selde med desse på kjøpet.

Åse meiner ho kan takke Aloha Hemp for mykje av det ho lukkast med no.

– Eg lærte mykje om å ta del i heile prosessen. Ein var inno alle ledd frå teiknebrett til produksjon og sal.

Ei viktig erfaring ho gjorde seg då, og som har lagt premissar for dagens satsing, er derimot bevisstheit rundt kva ho ønskjer å bruke tid på. Eit liv ved sidan av jobben er høgt verdsett.

– Eg ønskjer å halde det så enkelt og fleksibelt som råd. Eg har funne ut kva som er viktig for meg, nemleg familie og å leve no og ikkje om ti år, seier Åse.

**ROY ARON MYKLEBUST**  
roy.aron.myklebust@fjordingen.no